

# Framtidens turistar – topprente og kulturlause?

Vi tek med borna våre ut i naturen frå dei er ein neve stor. Er vi like flinke til å gje dei eit stykke kultur på vegen?

**EG KAN TILSTÅ** det glatt. Eg har kryssa av Noregs høgste fjell på lista over dannelsingsmål til arvingane. Susa i zipline har dei også, og klippekorta for nærturar har vorte fylte og pokalar har vore henta heim. Men eg har ikkje vore på Astruptunet med dei. Kunstutstillingar? Gløym det! Det er så fort å tenkje at ungane må få utfalde seg i naturen eller dei må «få av seg litt energi». Eg har blodtrimma ungane reint fysisk, medan kulturkondisen derimot, er ikkje særleg godt trent. Vi er andpustne etter eitt lite galleribesøk.

**HELDIGVIS FINST DET** mange flinke foreldre som kombinerer ein aktiv livsstil med kultur-input, og i bygdene våre er fleire kulturtilbod retta mot born. Og ja, idrett og friluftsliv høyrer også inn under det utvida kulturomgrepet. Oppmodinga her går til reiselivet. No vil regjeringa satse meir på eit kulturbasert reiseliv gjennom tettare koplingar mellom kultursektor og reiselivsnæring, men den føretrakte gjesten er den vaksne turisten. Det er forståeleg, forkinga har vist dei legg att meir pengar enn barnefamiljar. Samstundes er også barnefamiljar ein del av turisttrafikken, og med eit vakent auge for kva som gjev gode kulturopplevingar, kjem også unge kulturturistar på besøk.

**MEN KVA ER** det som gjev det vesle ekstra, som gjer at både vi og kidsa får gode opplevingar? Sjølv gjorde eg meg nokre tankar i sommar, då eg våga meg på ei kulturoppleving saman med den yngre garde:

«**DRAGESTILSHUSET VED ESEFJORDEN** i Balestrand, der kunstnaren Emma Normann ein gong hadde budd, var over hundre år gammalt. Eg hadde lenge hatt lyst å bli med på ei omvisning og ein ettermiddag i sommar heiv vi oss i bilane, tre generasjonar kulturturistar. Yngstemann var 10 år og eldstemann var 70 år.

**FRAMME VED KUNSTNARVILLAEN** nytte vi vaksne synet av rosene i hagen, og dei spreke fargane i utskjeringane mot dei mørkebrune ytterveggane. I dørøpinga møtte Elisabeth, huseigar og omvisar, oss med eit smil. Innadørs hang det kunst på vegane og det lukta ei blanding av ny måling og gammalt hus.

**FØR VI DROG** hadde eg kjent på uroa over kor lenge borna ville halde ut med å berre gå og sjå på ting. Ville den freda kunstnarvillaen frå 1910 klare å halde på merksemda deira lenge nok? Likevel drog vi på kultur-tur! Så vart eg positivt overraska då den



**KULTURKARAMELLAR:** Villa Heimdalsstrand, der målarer Emma Nordmann budde, og huseigar Elisabeth Tonheim gjev dei unge besøkande kulturhistoriske karamellar. (Foto: A.B. Engeset)

flinke forteljaren i huset fanga merksemda til borna. Vi sette oss rundt eit bord, Elisabeth vende seg direkte til borna frå første stund og slik gjekk det resten av tida. Det var med andre ord ikkje sjølv kunstnarvillaen, men den flinke formidlaren som gav dei yngste ei fin kulturoppleving.»

**MED ERFARINGA FRÅ KUNSTNARVILLAEN** i bakhovudet drog kollegaen min frå Vestlandsforskning, Anna Maria, og eg til Balestrand utpå seinsommaren for å forske på vaksne kulturturistar. I samband med «Strategisk forskingsprogram for innovasjon og verdiskaping i reiselivet i Sogn og Fjordane» har vi studert korleis utanlandske turistar sine kulturopplevingar arta seg.

**KULTURTURISME ER EIN** type turismeaktivitet der den viktigaste motivasjonen til gjesten er å lære,

oppdage og oppleve kulturelle attraksjonar. Samtidig er ikkje ein kulturturist nødvendigvis berre nysgjerrig på kunst eller arkitektur, men dei er også interesserte i kvardagslivet og levestil vårt i Distrikts-Norge.

## IFØLGJE FORSKINGA

**VERT** ei oppleving påverka av tre aspekt: Produkt/service, sosiale aspekt og fysiske aspekt. Produkt og service inkluderer mellom anna transport, overnatting, mat, guiding tilbud, informasjon og tilrettelegging turisten får på staden. Sosiale aspekt inkluderer personlege relasjonar, samtalar med tilsette, lokalbefolkning og andre turistar, samt vert-gjestrelasjonar. Fysiske aspekt kan vere naturlege omgjevnadar, menneskeskapte omgjevnadar, geografiske og kulturelle eigenskapar. Til saman verkar alle desse elementa inn

på turistane sine opplevingar og dei får ei heilskapleg oppleving.

**KVIFOR ER DET** viktig å studere kva folk synest om til dømes eit museumsbesøk? Vaksne kulturturistar, gjerne utan born, er attraktive for norsk reiselivsnæring, fordi det er knytt stor lønsemd til desse. Men vi må ikkje gløyme at også barnefamiljar utgjør ein vesentleg del av turisttrafikken. Viss borna skal verte morgondagens kulturturistar, må aktørane i reiselivsnæringa også ha dei i tankane. Ved å la dei yngste bryne seg på kulturattraksjonar, sit vi att med ein endå større gevinst: Ungane styrker kulturforståinga si og får betre evne til å oppleve profesjonell kunst og kultur.

**NÅR HAUSTFERIEN NO** står for døra, føreslår vi ein dag på eitt av dei mange friluftsmusea i fylket vårt som pause for kroppen etter ein dag i haustfjellet. Og, dersom vi kjem att på feltarbeid neste sommar, hadde det vore kjekt å sjå unge målarar med staffeli og pensel som festar dei nasjonalromantiske motiva til lerretet.

Agnes Brudvik Engeset  
og  
Anna Maria  
Urbaniak-Brekke  
Vestlandsforskning



Agnes Brudvik Engeset



Anna Maria Urbaniak-Brekke

KRONIKK